


KVELDSSONG FOR DEG OG MEG

GRISEN STÅR OG HYLER
I DEN STILLE KVELD.



HAN SKAL IKKJE SLAKTAST,
MEN HYLER LIKEVEL.



FIR' OG TJUE KRÅKER
SIT PÅ EIN MADRASS.




ENDÅ EI VIL SITJE,
MEN DET ER IKKJE PLESS.




MÅNEN STÅR OG LYSER,
RUND OG FEIT OG KVIT.



REVEN KJEM FRÅ SKOGEN
OG LUSKAR HIT OG DIT.




FISKANE I HAVET
SØV OG DRØYMER SØTT.



NØKKEN NEDI TJERNET
HAR EG ALDRI MØTT.





TEKST: RAGNAR HOVLAND

TEIKNINGAR: TORE STRAND OLSEN

Opphavsrett: Tore Strand Olsen.

Denne teikneserien er publisert av Nynorsksenteret med løyve frå Tore Strand Olsen. Sidene kan skrivast ut gratis til bruk i skulen til undervisningsføremål. Publisering på andre vevstader eller i andre medium er ikkje lov utan løyve frå opphavsmannen. Diktet er nytta med løyve frå Ragnar Hovland.